

Til Valdansvarlig

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3534 - 21/49655

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
09.07.2021

Informasjon om fellingsløyve 2021, CWD (kartlegging og prøvetaking), tannsnitts prosjekt, fellingsavgift og sett hjort

Alver kommune har vedteke nytt kommunalt mål for forvaltning av hjort, samt fokusområde/tiltak for oppfylling av målsettinga.

Målsetting for forvaltning av hjort har hovudfokus å skape ein berekraftig og dynamisk populasjon av hjort som er tilpassa lokalt leveområde og landskap. Uttaket av hjort skal leggja til rette for naturleg aldersstruktur og einsarta kjønnssamansetting i bestanden, for forbetra brunstdynamikk, reproduksjon og kroppsvekt. Uttaket skal gjennomførast slik:

- at bestandsstorleiken ikkje fører til vesentlege beiteskadar på skogsareal,
- beitetrykket av hjort lokalt i gras- og beitingsområder ikkje er til hinder for eit økonomisk drivverdig landbruk,
- samt ikkje reduserer naturen sin produktivitet og/ eller mangfald på kort eller lang sikt.

Kommunestyret har i tillegg tilført til den målsettinga for forvaltning av hjort, at grunna dei omfattande skada av hjort fleire stader i kommunen trøngs det at administrasjonen iverksette ekstraordinære kortsiktige tiltak. Desse tiltaka har som føremål å bringa bestanden raskt ned til eit meir normalt nivå. Områda Straume/Nordanger nord på Radøy, skal i jaktsesongen 2021 vera eit prøveområde for auka avskyting. Målsettinga vart samråystes vedteke av kommunestyret.

Administrasjonen har registrert at bestandsnivået av hjort er aukande og skade av hjort på jord- og skogbruk utgjer ei betydeleg økonomisk belastning. Dei fleste høyringssinnspeila til den nye målsettinga stadfester at ein ynskjer ei redusert bestand av hjort grunna skadenivå på avling, der hodyrflokkar gjer mest skade. Det vert og rapportert om omfattande beiteskadar på nyplanta skog og barkbeiting, som bekreftast av resultatet frå NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi) sitt prosjekt i Lindås kommune «Verknad av hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog av gran og furu». (Prosjekt: 10229). Prosjektet viser beiteskadar på gran i hogstklasse 2 på 22,9 % og borgnagskade på hogstklasse 3 og 4 avhengig av bonitet på mellom 8,5-31,6%.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Storleik på uttak av hjort i Alver kommune er historisk høgt med 1112 felte dyr i 2020. «Sett hjort» bekreftar at bestanden har skeiv og unaturleg kjønnssamansetting (1:1,5-2,0). Rundt 60% av kollene er i produksjon og sett spissbukk per bukk forholda er 1:1,4. Kalvevektene har blitt redusert sidan 2013. (hannkalv: -3,57kg, hokalv: - 2,02kg).

Reduksjons- og demografisk forbetrande avskytingsprosjekt

Administrasjonen setter grunna den nye målsetting for hjort i verk eit reduksjons- og strukturforbetrande avskytingsprosjekt for sesongen 2021, som krev endring i fordelinga i uttaket med omsyn til kjønn og alder. Desse endringane i uttakets samansetting er ikkje statisk og kan bli endra avhengig av resultata frå:

- tannsnitt med kohort analyse-prosjektet 2021
- kjønnssamansettinga i uttaket sesong 2021
- reduksjons- og strukturforbetrande avskytings prosjektets innvirking på den levande bestand via Sethjort.

Hovudfokus er å bevare modne produksjonskoller i bestanda, men redusere og kvalitetssikra rekrutteringa i bestanda mellom aldersklassene: kalv/fjorkolle, fjorkolle/ungkolle og ungkolle/utvaksen kolle. Den einsarta kjønnssamansettinga i bestanda skal på sikt fordele beitetrykket betre da dei ulike kjønna har ulike beitepreferansar. Ein berekraftig reduksjon oppnåes først når delen av produserande koller internt i bestanda senkast. Jaktpresset på både pinne- og eldre bukk er redusert i prosjektet for å heve gjennomsnittsalderen, framrykking av brunst og forbetre kjønnssamansettinga. Uttak av hanndyr i prosjektet er av sekundær betydning då dette berre reduserer totalbestanda. Uttaket si samansetning kan ha større betydning enn storleik på uttaket, så eit eventuell fall i fellingsprosent, forårsaka av den nya fordelinga i uttaket, er ikkje nødvendigvis negativt så lenge fordeling i uttaket er flytta i retning av hodyr og dei mest produktive dyra av begge kjønn bevarast i bestanden etter jakt.

Grunnprinsippa ved fastsetting av fordelinga i uttaket med omsyn til kjønn og alder sesong 2021:

- Eit totalt uttak som vil liggja 10-25% over den forventa tilvekst. Uttalet i sesong 2021 vil bli vurdert i forhold til resultat av kohortanalyse og/ eller vårtelling med drone.
- Fordeling på kjønn i uttaket skal som minimum tilsvara fordeling på kjønn i bestanden. Ved skeiv kjønnssamansetning, høgt innhald av fjorkoller/ ungkoller samt ved fallande slaktevekt i bestanden skal ein heva uttaket av hodyr ytterlegare. Det siktas mot at maksimalt 40% av totaluttaket skal vere hankjønn.
- For at sikra eit dyreetisk korrekt uttak av koller i produksjon, siktas det mot ei fordeling mellom eldre kolle/kalv på 1:1,5-1:2.
- Som utgangspunkt siktas det mot eit einsarta uttak av fjorkoller i forhold til eldre koller og ei einsarta fordeling i uttaket mellom kolle (fjorkolle/eldre) og kalv.

Jegerseleksjon

Administrasjonen presiserer viktigheita av at uttaket utførast selektivt avhengig av kroppsstørrelse i dei forskjellige kategoriane. Ein stor del av uttaket i Alver kommune skjer på innmark kor moglegheitene for selektiv avskyting er stor.

Det heva uttaket av kalv vil moglegvis følast kontroversielt, men det er grunnsteinen til ein dyreetisk korrekt reduksjon av produserande hodyr og kvalitetssikring av bestanden frå grunnen. Ved uttak av dei minste kalvane aukar sannsynligheten for at det er kollekaly som fellast og bestandskvaliteten hevast. Det er dei sterkeste kalvane som er dei tidlegaste fødde og har sannsynlegvis foreldredry i optimal kondisjon og høgast alder.

Ein svak hokalv som seinare kommer inn i produksjons apparatet vil ofte få kalvar av dårlig kvalitet og dermed påverka bestandens kvalitet negativt. Ein svak bukkekalv som ikkje når ei høg maksimal vekt seinare i livet vil tape brunstkampar og dermed berre sekundært påverke kvaliteten i bestanden.

I ein bestand med skeiv kjønnssammansetning og mangel på modne bukkar kan disse dårligst anlagte bukkane få negativ betydning i reproduksjonen.

Selektivt uttak av kalv skal auka sannsynligheten for at dei hokalvane som overlever jakta har ei kroppsvekt med auka sjanse for drektigheit som fjorkolle. Det selektive uttaket av fjorkollar skal auka tendensen til å ta ut dei fjorkoller som ikkje er blitt bedekt som 1,5 åring.


Det oppfordrast, som utgangspunkt, at fordelinga mellom fjorkolle og eldre koller er 50/50 i uttaket. I praksis er det viktigare å skyte selektivt etter kroppsstorrelse, då uttaket dermed fokuserast på «ikkje utvikset» og produksjonsdyr i «dårlig kondisjon». Den selektive avskytinga er viktigare enn den reelle fordeling. Hovudfokus er å bevara modna avlskoller i bestanda etter jakt, då dei kjem tidlegare i brunst og fører fram fleire og tyngre kalvar enn yngre koller.

Tannsnitts prosjekt sesong 2021

Ei nav hjørnesteinane i forvaltninga av hjort er veten og kunnskapsinnsamling. Som ledd i den nye kommunale målsetting, vert det iverksett eit «tannsnitts- og kohort analyse prosjekt» sesongen 2021. Dette skal fastlegge bestandens alders- og kjønnsmessige samansetning og estimat over bestandsstorleik. Resultantane frå prosjektet skal kalibrerast mot avskytingsplanen for sesongen 2022 i Alver kommune og brukast i den teoretiske framskrivinga av alder- og kjønnsstrukturen i den levande bestand, i relasjon til uttaket.

Tannsnittprosjektet utførast sesongen 2021 og er delt i tre delprosjekt direkte overført til dei tre gamle kommunane. På tannkonvolutten skrivast derfor det gamle kommunenamnet kor dyret er felt. Det er viktig å fylle ut all informasjon som påkrevast i konvolutten om det felte dyret, spesielt med omsyn til vekt. Tannkonvolutter er vedlagt fellingsløyvet.

Det skal innsendes tenner frå dyr som er 2 år eller eldre frå begge kjønn. Det er dei same alders kategoriane som ved CWD kartlegginga. Administrasjonen har tillit til at jegerne kan alders bestemme fjorkoller utifrå antall tenner. I tvilstilfelle sendes tennene inn.



Kjeven kan med fordel bli saga av som vist på vedlegg, for enkel oppbevaring i frysaren om hjortevaldet vil vente med å koke kjevane og gjøre det samla etter jaktsesongen. Det sendes inn dei to fremste/ midtarste tenner. Den utfylte tannkonvolutt kan og brukast som merke i frysaren. Etter jaktsesongen innleverast dei utfylte konvoluttane med dei avkokte tenna til Alver kommune. Alver kommune, Att: Landbruk, Postboks 4, 5906 Frekhaug innan 15 januar 2022.

Lagt ved fellingsløyve er ei kort beskriving av prosessen ved uttaking av tenner.

Administrasjonen veit at CWD-prøvetaking og tannsnittprosjekt i same sesong vil auka arbeidsmengda hos jegerane markant. Tannsnittprosjektet er redusert til å gjelde dyr som er 2 år eller eldre av begge kjønn for å redusere arbeidsomfanget og samsvare det til CWD kartlegginga for betre overblikk for jegerane. Tannsnittprosjektet er eit enkeltståande tilfelle men det vites ikkje om CWD kartlegginga vil holde på i fleire sesongar.

CWD kartlegging og prøvetaking sesong 2021

Skrantesjuke ble påvist i Norge våren 2016 og den klassiske typen skrantesjuke er påvist hos villrein i villreinområde Nordfjella og Hardangervidda. Atypisk skrantesjuke er påvist hos hjort i Gjemnes kommune. Målet er å kartlegge førekomit og geografisk utbredelse av dei ulike typane skrantesjuke.

Til jaktsesongen 2021 er Alver kommune pålagt, på oppdrag frå Mattilsynet og Miljødirektoratet, å ta CWD prøvar av hjort som er 2 år eller eldre frå begge kjønn, felt under ordinær jakt. Dette grunna kommunens status som heimkommune for sau som beiter på Hardangervidda eller i Nordfjella villreinområde.

Jegerane skal derfor ta ut prøver av hjerne og bakre svelgs lymfeknutar (ev. annan lymfeknute på hovud). Dersom jeger eller andre, uavhengig av årsak, ikkje får tatt ut lymfeknutane skal hjerneprøven likevel sendes til Veterinærinstituttet for analyse. Prøvene sendes snarast etter at dyret er skutt, til Veterinærinstituttet av jeger. Prøven sendes i dei ferdigfrankerte konvoluttane som er sendt med fellingsløyva til valdansvarleg. I konvoluttane er alt nødvendig prøveutstyr. Det er viktig at valdansvarleg vidareformidlar og utleverer prøvetakingsutstyr internt i hjortevaldet. Tal prøvekonvoluttar er tildelt etter tal løyver til hjortevaldet i kategorien vaksne hanndyr og vaksne hodyr.

Når hjortevalda manglar prøvetakingsutstyr i løpet av jaktsesongen kan fleire rekvirerast hos kommunal viltforvaltar. Eventuelt ikkje-anvendte prøvepakker takast vare på av hjortevaldsleiar i tilfelle av kartleggingsprogram sesong 2022.

Hugs at før jeger sender inn prøven må det det felte dyret registrerast med strekkodenummeret fra merkelappen på www.hjorteviltregisteret.no eller i appen Sett og skutt.

Beskriving av kartleggingsprogrammet for skrantesjuke og veiledning til jegere med omsyn til uttak av prøver, innsending, instruksjonsvideoer, registrering av prøver etc. finnes på:

[www.hjortevilt.no/skrantesjuke/kartleggingsprogrammet-for-skrantesjuke/veiledingtiljegere2021pdf.pdf \(hjortevilt.no\)](http://www.hjortevilt.no/skrantesjuke/kartleggingsprogrammet-for-skrantesjuke/veiledingtiljegere2021pdf.pdf)

Lagt ved fellingsløyve er ei kort beskriving av korleis prøvetakinga gjennomførast.

Sett hjort

Observasjonar i hjortejakta frå jeger er eit viktig bidrag til overvaking og forvaltning av vår lokale hjortestamme.

Målretta hjorteforvaltning tek blant anna utgangspunkt i indekstal som

- kjønnssamansetting,
- kalveproduksjon,
- bestandstettleik,
- slaktevekt frå jegeranes opplysningar på «sett hjort».

I sesongen 2020 var det ei flott stigning i innlevering av slaktevektane og administrasjonen oppfordra alle sterkt til å innlevere slaktevekter på all skutt hjort.

Innsamling og systematisering av jegerane sine observasjonar og slaktevekter skjer enklast via mobiltelefon på «Min side» på hjorteviltregisteret.no eller via appen «sett og skutt».

Observasjonar gjort på jaktdagar der ein ikkje har skutt er like så viktige som dei dagane der man har skutt.

Etter jaktsesongen skal valdleiar «avslutte jakta» i Sett hjort, etter at valdets elektroniske innrapportering er lagt inn slik administrasjonen veit at valdet er ferdig med innrapportering for årets sesong. Valdleiar bes ogå kontrollere at kontaktopplysningane er korrekte.

Fellingsavgifter

For sesong 2021 innførast vekt- og aldersavhengig fellingsavgift og fellingsavgifta einsrettast for heile Alver kommune. Dei nye fellingsavgiftane er inndelt i 4 kategoriar:

Kategori	Fellingsavgift – kr.
Vaksen hjort (inkl. spissbukk) med slaktevekt over 40kg	300
Vaksen hjort (inkl. spissbukk) med slaktevekt under 40kg	180
Kalv med slaktevekt over 20kg	180
Kalv med slaktevekt under 20kg	0

Bruk av vektavhengig fellingsavgift krev at hjortevalda elektronisk registrerer slaktevekt på alle dyr som vert tatt ut, slik at vektene kan danna grunnlag for å fakturere fellingsavgift. Den vektavhengige fellingsavgifta skal premiere uttak av därleg kondisjonerte individ og er ein moglegheit som vert tilbydd hjortevalda. Viss hjortevalda ikkje leverer inn slaktevekta vil fakturering skje på vanlig vis.

Avslutningsvis

Jakt er det viktigaste bidraget til å forme- og utvikle den lokale hjortebestanda. Gjennom uttaket leggast føringar for kjønns- og aldersstrukturen, produktivitet samt vekst i den gjenlevande bestanden. Dei ekstraordinære kortsiktige tiltak som vert iverksett av administrasjonen til jaktsesong 2021 vil moglegvis følast kontroversielt og omfattande men er nødvendige for at den nye målsettinga vil gjeve resultat og redusere prosjektets varighet

Administrasjonen beklagar sein utsending av fellingsløyva for 2021. Planlegginga av CWD kartlegging, tannsnitts prosjekt og avskyting har vert meir tidskrevande enn planlagt.

Grunneigarar og jegerar i Alver kommune ynskes «skitt jakta» i sesongen 2021 og vi takkar på førehand for utføring av det ekstra arbeidet som vert påført igjennom CWD kartlegginga og tannsnittprosjektet.

Med helsing
Alver kommune, Landbruk

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar

Vedlegg:

Fellingsløyve 2021.
Tilbod om ettersøks avtale frå Nordhordland Ettersøkslag og NJFF.
Konvoluttar til tannsnittprosjekt.
CWD prøveutstyr.
Rettleier, trekking av tenner frå hjortevilt.
Rettleier, kartlegging av skrantesjuke hos hjortevilt.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.